

Innspel gjeldande reguleringsplan for Fitjar sentrum.

Underteikna har registrert at det i reguleringsplanen for Fitjar sentrum har gjeve delvis grønt lys for å endre fasaden på «Fitjartun» med føremål å gjeva bygningen eit meir «inviterande» uttrykk ved å auka storleiken på vindauga.

«Geopark Sunnhordland»

Fitjar kommune er ein av kommunane i «Geopark Sunnhordland» som fekk nasjonal godkjenning i 2019. I søknaden om godkjenning vart «Fitjartun» framheva som eit framifrå døme på bruk av lokal stein (granitt) til husbygging. «Fitjartun» er også det einaste forsamlingshuset som er oppført i murestein (kvaderstein) i Sunnhordland.

«Geopark Sunnhordland» har no søkt UNESCO-status.

Teikningar:

Den kjende bergensarkitekten Paul Eugen Lambach hadde teikningane til huset ferdig hausten 1947. Han hadde også teikna «Halstensen sitt hus» - det stod ferdig oppført i 1939.

Stein- og murearbeidet:

Etter det underteikna har kunna bringe på det reine er kvadersteinen teken ut 4 – 5 stader ute i øyane samt på Rostøyo i Austevoll. Alt steinarbeidet vart gjort med handemakt!

Steinhoggar- og murararbeidet som er utført her er av svært høg kvalitet. Steinhoggarar var Hjalmar Taipale og sonen Emil. Hjalmar fekk tidleg i tittelen «finsteinhoggar» noko ikkje altfor mange fekk. Murararbeidet var det Bertin (Bertinius) Nesbø saman med sønene Osvald og Bjarne som stod for. «Fitjartun» stod ferdig og blei innvia i november 1955. Både «Halstensen sitt hus» og «Fitjartun» er ein del av kulturarven til bygda og bør takast vare på i mest mogeleg opphavelig stand.

Endringar:

Å gjera endringar på steinfasaden ved å auke storleiken på vindauga vil verka øydeleggjande for det arkitektoniske uttrykket og ikkje minst respektlaust overfor arkitekten og dei som stod for oppføringa av bygget.

Tilbakeføring av den opphavelige inngangen kan vera ei god løysing. Dersom det ikkje blir gjort, bør det setjast krav om store vindauga blir bytta ut med eit småruta.

For å skapa ein betre balanse i arkitekturen og det visuelle inntrykket, bør det setjast krav om å byta alle vindauge som har store flatar med same type som i første etasje (6 ruter).

Konklusjon:

Underteikna vil sterkt rå frå at det blir gjort endringar i storleiken på vindauga i murbygninga, unnateke ei gjenopning av hovudinngangen. Her er både den opphavelige trappa og søylene på plass. Vindauga i 2. etasje bør erstattast med tilsvarande vindauga med 6 ruter.

Ein bør også vera merksam på at «Fitjartun» er trekt fram som eit framifrå døme på bruk lokal bergart (granitt) til husbygging. «Geopark Sunnhordland» har nasjonal status og har søkt UNESCO-status. Ein slik status kan utnyttast om ein vil, men då må bygningen vera så autentisk som mogeleg.

Harald Breivik, geograf og geolog.

P.s.:Heile artikkelen om «Fitjartun» er å finna i «Fitjarminne» 2021